


## Mandat for utvikling av Adaptive Veg



## Deltaking i utvikling av planleggingsverktøy for drift- og vedlikehold av kommunale vegar

*Denne fyllest ut ved behandling.*

<b>Prosjektnummer:</b> <økonomi>	<b>Sak nummer:</b> 18/903	
<b>Handsama dato:</b> 24.09.2018	<b>Handsama av / Prosjekteigar:</b> Administrativ styringsgruppe	<b>Utarbeidd av:</b> Rune Kilen
<b>Vedtak:</b> Prosjektet kan starte.		



## Innhald

1.	Bakgrunn .....	3
2.	Føremålet med prosjektet .....	3
3.	Føringar for prosjektet .....	3
3.1.	Intensjonsavtale .....	3
3.2.	Styringsdokument .....	3
3.3.	Forankring .....	4
3.4.	Samanheng med andre prosjekt? .....	4
3.5.	Er samarbeid med andre verksemder aktuelt? .....	4
4.	Erfaringar og annan nyttig informasjon .....	4
5.	Omtale av konseptfasen .....	4
5.1.	Organisering og ansvar i konseptfasen .....	4
5.2.	Interessentar i konseptfasen .....	5
5.3.	Resultata frå konseptfasen .....	5
5.4.	Kostnader, tidsramme og ressursbehov for konseptfasen .....	6
6.	Gjennomgang av BP1 Sjekkliste .....	6
7.	Rettleiing – Mandat for konseptfasen .....	8



## 1. BAKGRUNN

Samanslåing av Radøy, Meland og Lindås til ein stor kommune med omfattande areal gir ein del utfordringar i høve til å få oversikt over kva som må gjerast av tiltak for å halde vegane i tilfredsstillande stand. Det finnes i dag ingen gode system for planlegging av drift- og vedlikehaldsoppgåver innan vegsektoren. Auka fokus på effektivitet og dokumentasjon av planlagt og utførte drift og vedlikehaldstiltak krev digitale system som er uavhengig av kva den lokale oppsynsmannen har oversikt over. Dette vil og gi publikum oversikt over kva som skjer på vegnettet pluss at det vil vere lettare å gi politikarane betre beslutningsgrunnlag i samband med budsjettprosessen.

## 2. FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Vere med som premissgjevar og økonomisk bidragsyter (via Nordhordland utviklingselskap IKS ) i eit FoU prosjekt i regi av Asplan Viak Internet (Avinet), implementere ny funksjonalitet i Nordhordlandskartet og føreslå nye rutinar for planlegging og utføring av drift og vedlikehald av dei kommunale vegane.

## 3. FØRINGAR FOR PROSJEKTET

### 3.1. Intensjonsavtale

Under kapittel 3. Verdier, mål og prinsipp står det følgjande:

- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.

Vidare i kapittel 7, Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse - utdrag:

*«Den nye kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon..»*

### 3.2. Styringsdokument

Under kapittel 2. Mål og suksesskriterier står det følgjande:

- Innovasjon – nytt, nyttig og nyttiggjort  
Digitalisering for å:
- utvikle brukarkontakt med innbyggjarane og nærings- og samfunnsliv med moderne teknologiske hjelpemidlar
- fornye
- effektivisere
- Initiere innovasjonsprosjekt som kan utvikle morgondagens metodar i tenesteproduksjonen



- Ta i bruk ny teknologi generelt og velferdsteknologi spesielt.

### 3.3. Forankring

Prosjektet er forankra i den administrative styringsgruppa for Alver kommune, og ligg innanfor delegasjon frå fellesnemnda til programansvarleg.

### 3.4. Samanheng med andre prosjekt?

Det er ein føresetnad at Nasjonal Vegdatabase (NVDB) vert etablert parallelt med dette prosjektet.

### 3.5. Er samarbeid med andre verksemder aktuelt?

Samarbeid med:

Nordhordland utviklingselskap IKS – kontraktpart mot Avinet

AVINET

Arendal kommune - pilotkommune

## 4. ERFARINGAR OG ANNAN NYTTIG INFORMASJON

[Skriv om kva nyttige erfaringar og vis til identifisert informasjon som vil vere relevant for utarbeiding av prosjektforslag.]

## 5. OMTALE AV KONSEPTFASEN

### 5.1. Organisering og ansvar i konseptfasen

**Oppdragsgjevar:**

Programansvarleg

**Administrativ styringsgruppe:**

Programansvarleg og assisterande programansvarlege

**Prosjektansvarleg:**

Anny Bastesen, programleiar for teknisk forvaltning og drift

**Prosjektleiar og –gruppe:**

Prosjektleiar               Rune Kilen, avdelingsleiar teknisk drift

Prosjektgruppe           Anders Brakvatne, Lindås kommune

Berit Eskeland, Meland kommune



Dag Sætre, Radøy kommune  
Harald Stanghelle, NH-Digitalt  
Representant for HTV Thormod Bendiksen,  
vararepr. Mary Jorunn Seljevoll

## **Referansegruppe:**

Statens vegvesen v/NN, anna kommune i regionen, Nordhordland Brann- og redning, relevant entreprenør.

## **5.2. Interessentar i konseptfasen**

Norsk kommunalteknisk forening – vegnettverksgruppe Veg Vest

## **5.3. Resultata frå konseptfasen**

### **Hovudmål**

Bidra aktivt i utvikling av Adaptive Veg - eit innovativt planleggingssystem for drift- og vedlikeholdstiltak; kva oppgåver Adaptive Veg skal løyse, brukargrensesnitt for systemet, integrasjon med andre system, rapportfunksjonalitet, m.v

Sjå på heile verdikjeden for drift og vedlikehold i Alver kommune - frå tilstandsregistrering/melding om skade til ferdig utført arbeid. Komme med forslag til smartare, raskare og meir effektiv måte å få tiltaka utført ved hjelp av Adaptive Veg.

### **Resultatmål**

- Implementere nytt digitalt verktøy for planlegging av drift- og vedlikeholdstiltak som ein integrert modul i Alver kommune si webbaserte kartløyning. (Avinet)
- Føreslå rutinar for planlegging og utføring av drift- og vedlikehold i den nye digitale kvardag.

### **Effektmål**

- Effektiv planlegging og gjennomføring av drift og vedlikehold av vegane, og som er personuavhengig.
- Open informasjon om kva tiltak som planleggjast gjennomført, og som kan publiserast via kart på internettsidane.
- Betre grunnlag for riktig avgjersle ( rett tiltak til rett tid og stad )
- Betre politisk beslutningsgrunnlag



## Avgrensingar

- Prosjektet slutter ved ferdig implementert grunnversjon Adaptive Veg modul i Nordhordlandskartet.
- Integrasjonsarbeid mot andre fagsystem ligg ikkje i dette prosjektet.

## 5.4. Kostnader, tidsramme og ressursbehov for konseptfasen

### Framdrift

- August 2018: Oppstart og definering av prosjekt med Avinet.
- September 2018: Første møte i prosjektgruppa – idedugnad.
- Mai/juni 2019: Betaversjon Adaptive Veg ferdig

Prosjektarbeidet er avgrensa i tid og omfang, detaljert framdriftsplan ligg i kontrakten.

### Kostnader

Lindås kommune bidrar med kr 250 000.- (vegdriftsmidlar) inn i prosjektet. Fakturerast gjennom Nordhordland utviklingselskap som og stiller med kr 250 000.- Til saman kr 500 000.- inn i FoU prosjektet frå Nordhordland.

### Personalressursar

## 6. GJENNOMGANG AV BP1 SJEKKLISTE

[Før dette mandatet blir lagt fram for godkjenning i administrativ styringsgruppe bør forslagsstillaren gå gjennom sjekklista for BP1 for å verifisere at innhaldet i mandatet gir tilstrekkeleg grunnlag for positiv BP1-avgjerd. Eventuelle punkt der det er noko uklart eller særskilte tilhøve skal kommenterast.]

	Sjekkpunkt	Kommentar
1	Er innhaldet i mandatet tydeleg? Er omfanget av organisasjonsprosjektet tydeleg definert?	
2	Er det tydeleggjort kva politiske føringar, prinsipp og andre standardar som gjeld for, og må takast omsyn til i utgreiinga?	
3	Er det behov for meir informasjon før ein kan ta ei	

# ALVER KOMMUNE

*Vi bygger Alver kommune*



	avgjersle?	
--	------------	--



## 7. RETTLEIING – MANDAT FOR KONSEPTFASEN

Kva er eit mandat for konseptfase/prosjektetablering?

Dette mandatet er eit dokument som blir etablert av organisasjonen som eig og set i verk eit arbeid med å utarbeide eit prosjektforslag.

Føremålet med mandatet:

Det overordna føremålet med mandatet er å tydeleg beskrive rammene for organisasjonsprosjekta og avklare desse med administrativ styringsgruppe før ein startar vidare arbeid med organisasjonsprosjekta.

Kven utarbeider mandatet?

Prosjektansvarleg utarbeidar mandat i samarbeid med prosjektleder.

Når skal mandatet utarbeidast?

Mandatet for konseptfase/prosjektetablering skal utarbeidast før vedtakspunkt 1 (BP1) i forkant av konseptfase/prosjektetablering.

Kven tek imot mandatet?

Administrativ styringsgruppe (dei tre rådmennene) tek imot mandatet for konseptfasen. Dokumentet blir arkivert i websak ved BP1 når innhaldet er godkjent.

